

Forenkla:

Grøn kyrkje – Gjesdal sokn



Kyrkjemøtevedtak 2021: «Meir himmel på ei trua jord»

Den norske kyrkja sitt arbeid med klima, miljø og berekraft mot 2030».

Tilslutningserklæring:

*Vi ynskjer å delta aktivt i kyrkja sitt engasjementet
for klima, miljø, rettferd og berekraft.*

*Me ønskjer at engasjementet kan veksa i soknet vårt
og at arbeidet blir forankra
blant tilsette og frivillige,
i dei ulike arbeidsområda til soknet,
og dessutan i samarbeidsrelasjonane våre.*

Forankring, informasjon og samarbeid

- Vi informerer om engasjementet i informasjonskanalane til soknet.
- Vi lagar ei eiga fane på nettsida.
- Vi har ein grøn kyrkjelydskontakt, Øyvind Skuggedal.

Gudstenesteliv

- Vi ynskjer å inkludera miljø, klima og berekraft i bønner, liturgi og salmeval.
- Vi utfordrar til engasjement for miljø, klima og berekraftsmåla gjennom preiker og anna forkynning.
- Vi feirar Skaparverkets dag/eller andre temagudstenester med vekt på skaparverk og rettferd, tema vil og lyftast fram på gudsteneste i Brekko kapell i oktober.
- Tydeleggjera temaet på til dømes hausttakkefest og familiegudstenester.

Trusopplæring, undervisning og internasjonal diakoni

- Vi integrerer miljø, klima og berekraftsmåla i undervisning, trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid.
- Moglege undervisningssituasjonar er Tårnagent, Dragekjemparar og konfirmantundervisning.
- Vi samlar inn pengar til eit grønt prosjekt i Kirkens Nødhjelp, ein misjonsorganisasjon eller ein miljøorganisasjon.
- Vi støttar til å koma opp med konkrete miljøprosjekt.

Innkjøp, forbruk og avfall

- Vi følgjer «retteleier for berekraftig mat» der vi kjøper inn, lagar og serverer mat.
- Rettleiar hengast på kjøkken og løftast fram ved arrangement.
- Ved behov for innkjøp vel vi varer av god kvalitet og brukt framfor nytt der det er mogeleg.
- Reparasjon blir prioritert der det er mogleg.
- Vi føretrekkjer miljøsertifiserte leverandørar av varer og tenester, og bruker miljømerkte produkt.
- Vi sorterer avfall for resirkulering/kompostering. Spesialavfall blir gitt til godkjende mottak.

Energi, transport og reise

- Soknet samarbeider med fellesrådet for å redusera energibruken generelt
- Tilsette brukar fly berre når det er tvingande nødvendig for arbeidet til soknet.
- Me oppmodar og legg til rette for at tilsette og medlemmer kan samkøyra til arrangementa i soknet.

Vedtatt av soknerådet (dato)

06.11.2025

Evaluerast seinast (dato)

06.11.2026